

## Rapport frå arbeidet i CEN/TC164/WG9/TG5 – Ca- og Mg-salt og CO<sub>2</sub> til handsaming av drikkevatt

Av Karl-Jan Erstad,  
Rådgivande Agronomar AS  
Korssund 2013-10-28

### Introduksjon

Hos Den tyske kalkforeninga i Köln heldt oppdragsgruppe 5 (Ca- og Mg-salt, inkl. CO<sub>2</sub>) under Arbeidsgruppe 9 (Vassverks-kjemikalie) det 29. møtet sitt den 23. oktober. Det møte ekspertar denne gongen, avgrensa til Tyskland, Storbritannia og Noreg, Ein ekspert frå Belgia var fråverande. Underteikna møte for Noreg.

Det var stadig nye merknader omkring den viktige EN 1018 Kalsiumkarbonat, og revisjonar går omtrent kontinuerleg.

prEN 1017 (halvbrent dolomitt) og prEN 12518 (kalsinert kalsiumkarbonat) hadde vore på UAP (*Unique Acceptance Procedure*, samanslått CEN-høyring og Formell røysting), og vi hadde no kommentar- og redaksjonsmøte på innkomne merknader til CEN.

Metodestandarden prEN 12485 har lenge vore klar for CEN-høyring, men hang fast på formelle vedtak.

### Siste revisjonar av EN 1018 – Kalsiumkarbonat

Siste utgåve var no komen som konsolidert standard denne hausten 2014. Endringane gjekk på nomenklatur i tabellane, vedrørende hovudtypar (klasse i tab. 1), sekundærelement (grad i tab. 2) og sporelement (type i tab. 3).

Tab. 1 hadde opna for ein diskusjon hos kon-

troll- og sertifiseringsorganet KIWA i Nederland om det for dei 2 parametrane i tabellane var anten/eller for krava CaCO<sub>3</sub> / CaCO<sub>3</sub> + MgCO<sub>3</sub>. Dette må spesifiserast som både/og ved ein seinare revisjon, for å hindre misforståing ved lesing av standarden. Det var også stemning for å senke kravet til klasse 1 og 2 med 1%-eining CaCO<sub>3</sub> for ikkje-porøs kalsium-karbonat vedrørende det reine CaCO<sub>3</sub>-kravet, altså i rad 1. Totalkravet på karbonat i rad 2 skal derimot oppretthaldast som før.

Mange vurderingar har skjedd gjennom meir enn 20 års standardiseringsarbeid for både denne og andre standardar. Denne kunnskapen bør takast vare på for ettertida, med nye revisjonar og nye ekspertar. TG5 vil sende ein førespurnad til WG9 om innføring av eit nytt Informativt Anneks som vil gi bakgrunn for gjeldande verdiar og krav gjennom progresjon i arbeidet.

### UAP-resultat for prEN 1017 – Halvbrent dolomitt

Tyske kommentarar påpeikte at tryggleiksdata for handtering må inn i samsvar med EU-forordning 1272/2008 (CLP-regulering) – handtering og merking likt med brentdolomitt (EN 16409). Og informasjon om denne endringa skal inn i føreordet til den reviderte standarden.

Det vart korrigert og understreka under tab. 3 Sporelement at øvre grense for Type 1 for Pb (bly) skal vere på 10 mg/kg og for Se (selen) 3 mg/kg.

Elles gjekk dei i hovudsak tyske og polske editorielle merknadane på setningsbygning og formuleringar i tekst.

### **UAP-resultat for prEN 12518 – Kalsinert kalsiumkarbonat**

Tyske kommentarar påpeikte også for denne standarden at informasjon om innføring av nye tryggleiksdata i samsvar med EU-forordning 1272/2008 må inn i føreordet til den reviderte utgåva.

Polske editorielle merknadar vart gjennomgått, men formuleringane vart i liten grad endra. T.d. definisjon av flytande  $\text{Ca}(\text{OH})_2$  – kalkmelk – vart halden på som han alt er i teksten. Dr. Christopher R. Meyer (UK) gjekk god for den engelskspråklege utforminga.

### **Revisjon og oppdatering av EN 12485 – Testmetodar**

I lys av at WG9 hadde pålagt full revisjon (Teknisk høyring + Formell røysting) p.g.a. den omfattande revisjonen vart det under møtet

korrespondert med WG9-sekretariatet AFNOR i Paris. Når det galdt sletting av gammalt arbeidstema Forbetringsdokument (til konsolidert standard til slutt) og oppretting av nytt arbeidstema om full revisjon, ser det ut til at involverte personar venta på kvarandre. Dette må straks løysast opp i, slik at dei nødvendige formelle grepa vert gjort.

Dokumentet har i alle tilfelle vore klart for høyring i nesten eitt år.

Til opplysning sendte AFNOR alt dagen etter, 24. oktober, ut intern røysting til WG9-medlemmane om aksept for den tekniske CEN-høyringa for denne standarden.

### **Dato og stad for neste TG5-møte**

Neste møte i CEN/TC164/WG9/TG5 vart fastsett til torsdag 28. mai 2015 i Köln, altså kort tid etter WG9-møtet i Berlin 19. mai. Aktuelle oppgåver var avhengige av utvikling på det øvre arbeidsgruppenivået.